


**Skredfarevurdering for  
konferansesenter på  
Rimstad,  
Stad kommune**



Sunnfjord Geo Center



## Prosjektinformasjon og status

| Prosjektnr.:   | Dokumentmal:      | Dokumentnr.:  | Dokumenttittel:  |                       |
|--|-------------------|---|--|-----------------------|
| 2025-03-122  | SF-H30-M01-03     | 01R   | Skredfarevurdering for konferansesenter på Rimstad, Stad kommune |                       |
| Feltarbeid utført av:  | Dato, feltarbeid: | HMS-risikovurdering:  | Dato, risikovurdering:   | Hending/avvik meldt:  |
| Torkjell Ljone   | 08.04.2025        | Risikogruppe 2  | 07.04.2025   | Nei                   |
| Fagområde:   | Dokumenttype:     | Lokalitet:  |  |                       |
| Skredfare  | Rapport           | Rimstaddalen, Stad kommune  |  |                       |
| Revisjon:  | Forfatter:        | Revisjonslogg:  | Internkontroll:  | Dato, ferdigstilling: |
| 0  | Martin Solheim    | Internt kvalitetssikra notat klar til utsending   | Vetle Nordang  | 06.05.2025            |
| 1  | Martin Solheim    | Endeleg versjon, ferdigstilt etter uavhengig kvalitetssikring   | Torkjell Ljone   | 03.06.2025            |
|  |                   |   |  |                       |
| Kontraktør:  |                   | Kontaktinformasjon:   |  |                       |
|  Sunnfjord Geo Center |                   | Sunnfjord Geo Center AS<br>Stongfjordvegen 577<br>6984 Stongfjorden<br>Tlf.: 577 31 900<br>E-post: post@sunnfjordgeocenter.no<br>Organisasjonsnummer: 998 899 834 MVA |  |                       |

## Forord av NVE

Plan- og bygningsloven (pbl) og Byggeteknisk forskrift (TEK 17) stiller krav til sikkerhet mot naturfare. For reguleringsplan og byggesak/-tiltak, søknadspliktig eller ikke, må det derfor dokumenteres at tilstrekkelig sikkerhet mot skredfare vil bli oppnådd i henhold til disse sikkerhetskravene.

Denne utredningen er utført av fagkyndig personell og følger NVEs veileder Sikkerhet mot skred i bratt terreng - Kartlegging av skredfare i reguleringsplan og byggesak<sup>1</sup>, og vil dermed kunne dokumentere om sikkerhetskravene er oppfylt.

Skredtypene snø-, jord-, flom-, sørpe-, steinskred og steinsprang utredes.

---

<sup>1</sup> <https://www.nve.no/veileder-skredfareutredning-bratt-terreng>

## Om oppdraget

### Oppdragsgjevar:

Nordplan AS

### Utførande føretak:

Sunnfjord Geo Center AS

### Skredfareutgreiing for

del/delar av eigedom med gards- og bruksnummer 165/5 og 165/10, Stad kommune, spesifisert i kartutsnitt/vedlegg

### Fylgjande tiltak og tryggleiksklasse/tryggleiksklassar er planlagt på eigdommen/planområdet:

Det er planar om å etablere eit konferansesenter på eigedom med gbnr. 165/5. Kartleggingsområdet dekker delar av gbnr. 165/5 og 165/10. Tiltaket fell under tryggleiksklasse S3 i TEK17.

### Synfaring utført av og når:

Synfaring utført av Torkjell Ljone, 08.04.2025.

.....



## Samandrag

Sunnfjord Geo Center AS har utført skredfarevurdering etter TEK17 og NVE rettleiar (2020) for eit planområde som dekker delar av gbnr. 165/5 og 165/10 i Rimstaddalen, Stad kommune. Det er vurdert skredfare med samla nominelt årleg sannsyn større enn 1/100, 1/1000 og 1/5000. I kartlagt område er det planar om å etablere eit konferansesenter. Tiltaket fell under tryggleiksklasse S3 i TEK17.

Skredfarevurderinga konkluderer med at det er fare for sørpeskred i sørvestleg del av kartlagt område med nominelt årleg sannsyn  $\geq 1/5000$ . Ut frå opplysningane SGC har mottatt kjem ikkje faresona i konflikt med det planlagde tiltaket, og dette oppfyller difor krava i TEK17 §7-3 for tiltak i tryggleiksklasse S3. Det er vurdert at det ikkje er fare for skred med årleg sannsyn  $\geq 1/1000$  i det kartlagde området, og heile området tilfredsstillar difor krava i TEK17 §7-3 for tiltak i tryggleiksklasse S1 og S2.

Det er vurdert årleg skredsannsyn  $\geq 1/5000$ , på grunn av planlagd tiltak i tryggleiksklasse S3, og det er difor krav om uavhengig kvalitetssikring av rapport.

Vurderingane som er utført i denne rapporten tar utgangspunkt i terrengtilhøva slik dei var på synfaringstidspunkt. Eventuelle menneskelege terrenginngrep i området vil kunne endre dei geologiske og hydrologiske forholda, og dermed også skredfaren. Det er ikkje tatt omsyn til skog i påverknadsområdet, då vurderinga viser at skogen ikkje har betydning for skredfaren i kartleggingsområdet.




## Innholdsliste

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1. Det undersøkte området.....</b>                    | <b>7</b>  |
| 1.1 Områdeskildring.....                                 | 7         |
| <b>2. Grunnlagsmateriale og observasjonar.....</b>       | <b>9</b>  |
| 2.1 Digital terrengmodell og topografi.....              | 9         |
| 2.2 Berggrunn.....                                       | 11        |
| 2.3 Lausmassar.....                                      | 13        |
| 2.4 Dreneringsvegar.....                                 | 15        |
| 2.5 Skog og flyfoto.....                                 | 16        |
| 2.6 Aktsemdkart.....                                     | 18        |
| 2.7 Klimaanalyse.....                                    | 19        |
| 2.8 Historiske skredhendingar.....                       | 22        |
| 2.9 Tidlegare skredfarevurderingar.....                  | 23        |
| 2.10 Eksisterande sikringstiltak.....                    | 23        |
| 2.11 Kartlegging og synfaring.....                       | 23        |
| <b>3. Skredfareutgreiing per skredtype.....</b>          | <b>24</b> |
| 3.1 Steinsprang.....                                     | 24        |
| 3.2 Steinskred.....                                      | 24        |
| 3.3 Snøskred.....  | 24        |
| 3.4 Jordskred.....                                       | 25        |
| 3.5 Flaumskred.....                                      | 26        |
| 3.6 Sørpeskred.....                                      | 27        |
| 3.7 Samla nominelt årleg skredsannsyn og konklusjon..... | 28        |
| 3.8 Føresetnadar for vurderingane.....                   | 28        |
| 3.9 Stadspesifikk usikkerheit.....                       | 29        |
| <b>4. Modellering.....</b>                               | <b>30</b> |
| 4.1 RAMMS.....   | 30        |
| <b>5. Referansar.....</b>                                | <b>33</b> |
| <b>6. Vedlegg.....</b>                                   | <b>34</b> |
| 6.1 Informasjonspunkt.....                               | 34        |
| 6.2 Bilete frå synfaring.....                            | 34        |
| 6.3 Kartvedlegg.....                                     | 34        |
| 6.4 Eigenerklæringsskjema.....                           | 41        |
| 6.5 Kommentarer til uavhengig kvalitetssikring.....      | 44        |

# 1. Det undersøkte området

## 1.1 Områdeskildring

Det kartlagde området er lokalisert i Rimstaddalen, på nordsida av Nordfjorden, om lag 15 km aust for Måløy i Stad kommune. Området dekker delar av gbnr. 165/5 og 165/10, og ligg mellom 77 - 90 moh. I aust er det ei slak fjellsida som Fureholten (363 moh.) i søraust og Sauellemmane (416 moh.) i nordaust. Mot vest strekk dalen seg 300 meter før terrenget stig opp ei slak fjellsida mot Hørnet (303 moh.). På grunn av avstanden og den slake stigninga opp mot Hørnet, er påverknadsområdet avgrensa til den austlege fjellsida. Figur 1 viser plassering og avgrensing til det kartlagde området, som skredfarevurderinga gjeld for, og påverknadsområdet, som er høgareliggende område rundt som kan generera skred ned mot kartleggingsområdet. Figur 2 og Figur 3 viser oversiktsbilete av kartlagt område og påverknadsområdet.



Figur 1: Det kartlagde området ligg i Rimstaddalen, om lag 15 km aust for Måløy, og dekker delar av gbnr 165/5 og 165/10, Stad kommune.



Figur 2: Dronebilde over kartlagt område og påverknadsområdet. Bilde er tatt mot aust.



Figur 3: Dronebilde tatt frå påverknadsområdet ned mot kartlagt område. Bilde er tatt mot vest.





## 2. Grunnlagsmateriale og observasjonar

I tillegg til synfaringa er det føretatt innsamling og gjennomgang av eksisterande grunnlagsdata, som er relevant for skredfarevurderinga. I dette førearbeidet er det nytta digital terrengmodell, geologiske kart, topografiske kart, aktsemdkart, flyfoto, informasjon om eksisterande sikringstiltak, dokumentasjon av historiske skredhendingar, og tidlegare skredfarevurderingar med meir, der det er tilgjengeleg.

Skredhistorikken er særst viktig for skredfarevurderinga fordi skred ofte går igjen der dei har gått tidlegare, samtidig som dette er til hjelp for vurdering av skredfrekvens. For å vurdere skredhistorikk er følgande metodar og kjelder undersøkt: feltarbeid, skreddatabasen til NVE, terrengmodell, samanlikning av flyfoto, bygdebøker og andre nyhendekjelder.

### 2.1 Digital terrengmodell og topografi

Terrengmodell frå prosjekt Vågsøy\_Selje 5pkt 2015 er henta frå hoydedata.no, og er justert ned til eit skyggerelieffkart med oppløysing på 1 punkt per m<sup>2</sup>. Dette gjev ein terrengmodell (DTM) med høg oppløysing, der ein kan sjå overflata til terrenget utan skog. Terrengmodellen eignar seg difor godt til identifisering av former i terrenget som er avgjerande for skredfarevurderinga. Dette kan vera renner og former som styrer dreneringa og eventuelle skred. Modellen kan òg nyttast til å identifisera skredavsetjingar, og i tillegg vert den nytta til å laga detaljert hellingskart, som er med på å blant anna identifisera potensielle kjeldeområde. Modellen er undersøkt under ulike innsynsvinklar for å fanga opp mogelege terrengformer som elles ligg i skugge.


Kartlagt område går frå kring 77 - 90 moh. og ligg på austsida i Rimstaddalen. Ovanfor kartlagt område i aust er det ei fjellside som strekk seg opp mot Fureholten (363 moh.) i søraust og Saeulemmane (416 moh.) i nordaust. Hellingskartet viser at den austlege fjellside er kupert av fleire ryggformer som dannar renner, nedsenkingar i terrenget og slake parti, og gjennomsnittshellinga i påverknadsområdet er under 25°. Det er fleire markante ryggformer i nedre del av påverknadsområdet som vil styre skred og drenering. Rett aust for kartlagt område er det ein fjellrygg kalla *Storerabben* som er orientert aust-vest. Sørsida av *Storerabben* består av eit tilnærma flatt myrområde, medan terrenget mot nord dannar ei brei renneform mellom *Storerabben* og fjellryggen *Reiterabben*, som vil leie drenering og eventuelle skred nord for kartlagt område. Langs nordsida av *Storerabben* og renneforma rundt til sørsida av *Reiterabben* er det avgrensa fjellskrentar som er under 10 meter høge og med helling over 60°.

Mot Fureholten aukar terrenghellinga mellom 200 – 300 moh., til mellom 30° - 40°, før det blir tilnærma flatt ved kring 300 moh. Mot nordaust er terrenget meir kupert, og vekslar mellom parti med helling under 25° og parti med helling mellom 30° - 45°. I øvre delar ved Saeulemmane er det avgrensa område med helling rundt 60, før terrenget slakar ut ved kring 416 moh. og hallar ned mot aust. Mot vest er terrenget tilnærma flatt i 300 meter før fjellside stiger slakt opp mot Hørnet (303 moh.). Fjellside opp mot Hørnet har avgrensa område med helling over 30°, og det er vurdert at den vestlege fjellside er for slak og ligg for langt vekke til å kunne generere skred mot kartlagt område. Mot nord er det over 700 meter frå det kartlagde området til terreng med helling over 25°, og det er difor vurdert at terrenget mot *Hestedalsegga* er for slakt til å generere skred som kan nå kartlagt område. Påverknadsområdet er difor avgrensa opp til dei slake partia i øvre del av Fureholten og Saeulemmane i aust, og er basert på synfaringa, aktsemdkartet til NVE og grove modelleringar.

Skyggerelieffet viser at det er erosjonsspor langs dreneringsvegen som går i renneforma mellom *Storerabben* og *Reiterabben*, som følg terrenget og renn ut i Rimstadelva nord for kartlagt

område. Det er stadvis observert blokkformer i skyggerelieffkartet, men det er ikkje observert teikn etter større skredhendingar i påverknadsområdet.

Hellingskartet er vist i kartvedlegg, og figurane under viser skyggerelieffkart og 3-D-framstilling frå flyfoto.



Figur 4: Skyggerelieffkart basert på laserdata viser terrengoverflata utan vegetasjon.




Figur 5: 3-D framstilling frå flyfoto av kartlagd område (innafor svart omriss) og påverknadsområdet. Biletet viser mot sør. Kjelde norgebilder.no

## 2.2 Berggrunn

Berggrunnen i Rimstaddalen er av NGU kartlagt som granittisk gneis, og dekker heile det kartlagde område og påverknadsområdet. Kartlegginga er gjort i målestokk 1:250 000. Det er utført strukturmålingar i fjellområda rundt kartleggingsområdet. Forutan om ei måling som viser eit strøk og fall på 232/90 ved *Høgenakken*, sør for kartlagt område, viser dei andre omliggande målingane ingen verdi i fallretning. Målingane viser likevel at fallet hovudsakleg er orientert mot austlege retningar.

Under synfaringa vart det observert fjell i dagen som små fjellskrentar langs Storerabben, med høgder mindre enn 5 meter (Figur 7 og Figur 12), og med drone i øvre delar av Saelemmane og Fureholten. Foliasjonsplana i berggrunnen er observert i dei små fjellskrentane ved Storerabben, som viser at foliasjonsplana har svake faldedanningar og eit tilnærma horisontalt fall (Figur 8). Det er ikkje observert bratte parti med bart fjell i nærleiken av kartlagt område. Basert på dei små fjellskrentane og det slake terrenget mellom kartlagt område og øvre delar av påverknadsområdet, er det vurdert at det ikkje er potensielle losneområde for steinsprang eller steinskred som kan nå kartlagt område. Aktsemdkartet (Figur 18) viser òg at det ikkje er aktsemd for steinsprang i eller i nærheita av kartlagt område.



Figur 6: Berggrunnskart over Rimstaddalen (NGU 1:250 000), viser at det er kartlagt granittisk gneis i heile det kartlagde området og påverknadsområdet. Kjelde: NGU WMS



Figur 7: Liten fjellskrent (markert med raudt omriss) i nedre del av Storerabben, rett søraust for kartlagt område. Fjellskrenten er under 3 meter høg, og det er ikkje observert steinsprangblokker ved fjellskrenten. Infopunkt 3.




Figur 8: Foliajongsplan i fjellskrenten ved infopunkt 3 viser at berggrunnen er svakt falda og at foliajongsplana har eit tilnærma horisontalt fall.

## 2.3 Lausmassar

Lausmassekartet til NGU viser at det er kartlagt tynne moreneavsetjingar i heile det kartlagde område og nedre delar av påverknadsområdet. I øvre delar av påverknadsområdet, mot Saelemmen og Fureholten, er det kartlagt bart fjell (Figur 9).

Synfaringa stadfestar at det er tynne moreneavsetjingar (Figur 10) i kartlagt område og nedre del av påverknadsområdet. Det kuperte terrenget observert i felt og på skyggerelieffkartet indikerer at det er hovudsakleg kort til fjell, og mektigheita til lausmassane er antatt å hovudsakleg vere mindre enn 1 meter tjukt i påverknadsområdet. Det er antatt at lausmassedekket er noko tjukkare i dei slakare partia, hovudsakleg i eit myrområde sør for Storerabben og i nedre del av påverknadsområdet, der terrenget slakar ut i dalbotnen. Synfaringa viser òg at i øvre delar av påverknadsområdet består lausmassane hovudsakleg av eit tynt dekke av organisk materiale, og større område av bart fjell er berre observert i øvre del av fjella. Det vart observert enkeltblokker spreidd i påverknadsområdet, tolka å vere moreneblokker (Figur 11), og eit avgrensa område med steinsprangmateriale nedanfor fjellskrentane langs nordleg del av Storerabben (Figur 12).

Det vart ikkje observert teikn etter lausmasseskred i påverknadsområdet under synfaringa.



Figur 9: Lausmassekart (NGU 1:50 000), viser at det er kartlagt tynne moreneavsetjingar i kartlagt område og nedre delar av påverknadsområdet. I øvre delar av påverknadsområdet, mot Saelemmane og Furenakken, er det kartlagt bart fjell. Kjelde: NGU WMS.



Figur 10: Biletet viser eksponerte lausmassar av morenemateriale ved infopunkt 1. Lausmassedekket er noko tjukkare enn elles i nedre del av påverknadsområdet, der terrenget slakar ut mot dalbotn, og er antatt å ha ei mektigheit på mellom 1 – 2 meter.




Figur 11: Kantrunda blokker i øvre del av Storerabben, tolka å vere ei moreneblokk. Infopunkt 5.



Figur 12: Fjellskrent langs den nordlege delen av Storerabben. Skrenten er om lag 3 – 5 meter høg og vender mot nord. Nedanfor skrenten er det eit avgrensa område med steinsprangmateriale (markert med raud markering). Terrenget nedanfor fjellskrenten er slakt, hovudsakleg under 20°. Infopunkt 2.

## 2.4 Dreneringsvegar

Det er fleire dreneringsvegar i påverknadsområdet på karta til Kartverket. Hovuddreneringa i Rimstaddalen går frå nord mot sør, i *Rimstadelva*, som renn vest for kartlagt område. I påverknadsområdet går hovuddreneringa ut frå eit myrområde i *Løkedalen* (infopunkt 6), som vidare vert leia ned mellom Storerabben og Reiterabben, og inn i Rimstadelva nord for kartlagt område. Det er òg markert dreneringsvegar frå myrområda sør for Storerabben som drenerer ut sør for kartlagt område. NIBIO sitt markfuktkart (kilden.nibio.no) viser at det er ikkje er område med høgt sannsyn for auka fukt i marka i kartlagt område, og at avrenning hovudsakleg vil gå sør eller nord for kartlagt område (Figur 13). Til å vurdera kor vatn vil renna under nedbørshendingar er det i tillegg nytta ei strøymingsanalyse. Denne viser at avrenning i fjellsida hovudsakleg vil bli styrt av terrenget og leia inn i dei definerte dreneringsvegane, og strøymingsanalysa samsvarar med markfuktkartet til NIBIO.



Figur 13: NIBIO sitt markfukt kart viser ingen område med sannsyn for fukt i marka i kartlagt område. (Kjelde: NIBIO WMS).

## 2.5 Skog og flyfoto


NIBIO sitt skogressurskart ([kilden.nibio.no](http://kilden.nibio.no)) viser at skogen i undersøkingsområdet består av hovudsakleg lauvskog, med stadvis furu- og granskog. Karta viser at kronedekninga til skogen i påverknadsområdet ligg hovudsakleg mellom 70 – 100 % (Figur 14), tal på tre med brysthøgde diameter > 16 cm ligg på mellom 100 - 300 per ha (Figur 15). Delar av skogen oppfyller difor kriteria til NVE (2020) for å effektivt hindra utløysing av snøskred, noko ein òg ser på NVE sitt aktsemdkart for snøskred.

Skogen i påverknadsområdet vil redusere skredfaren i påverknadsområdet ved å redusere størrelsen på potensielle losneområde for snøskred, og vegetasjonen vil bite lausmassane som vil redusere losnesannsyn og erosjonspotensiale i eventuelle jord- og flaumskred. Vurderinga viser at terrenget i påverknadsområdet er avgjerande for skredfaren i kartleggingsområdet, og at skogen ikkje har innverknad for skredfaren i kartleggingsområdet, og det er difor ikkje tatt omsyn til skog.


Flyfoto er studert med omsyn til skredhendingar, og det er ikkje observert spor etter skredhendingar på dei studerte flyfotoa. Nyaste og eldste flyfoto er vist i Figur 16 og Figur 17.

Det er ikkje tilgjengelege skråfoto for kartleggings- eller påverknadsområdet. 3D-modell henta frå [norgebilder.no](http://norgebilder.no) er vist i kap. 2.1, Figur 5.






Figur 14: NIBIO sitt skogressurskart viser at kronedekninga til skogen i påverknadsområdet er ca. 70 – 100 %. Kjelde: NIBIO WMS.



Figur 15: NIBIO sitt skogressurskart viser at tal på tre med BHD >16 cm ligg mellom 100 - 300 tre/ha i påverknadsområdet. Kjelde: NIBIO WMS.



Figur 16: Flyfoto frå 2024. Kartlagt område er innafør svart rektangel. Skogen i påverknadsområdet består hovudsakleg lauvskog, stadvis med noko furu- og granskog. Vertikalfoto: norgeibilder.no



Figur 17: Flyfoto frå 1968 viser at det var noko mindre vegetasjon på den tida. Kartlagt område er innafør svart rektangel. Vertikalfoto: norgeibilder.no


## 2.6 Aktsemdkart

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er ansvarleg for aktsemdkart for steinsprang, snøskred og flaum- og jordskred på [temakart.nve.no](http://temakart.nve.no), og tilgjengeleg som wms-teneste.

Aktsemdkarta for jord-/flaumskred og steinsprang viser potensielle utløysingsområde (kjeldeområde) og utløpsområde (rekkevidda av potensielle skred). Karta er utarbeidd ved bruk av ein datamodell som identifiserer moglege utløysingsområde ut frå helling og topografi. Modelleringa er utelukkande basert på datamodellering og ingen feltobservasjonar er lagde til grunn, og det er ikkje teke omsyn til viktige faktorar som klima, vegetasjon, lausmassar og berggrunn. Modelleringa er utført på ein landsdekkande høgdemodell med oppløysing på 25 x 25 m, og fangar difor ikkje opp losneområde med høgdeskilnad frå under 20 – 50 m. Aktsemdkarta kan difor ikkje brukast direkte i reguleringsplanar eller i byggesaker for å avgjere om eit areal/område tilfredsstillar krav til tryggleik mot naturfarar, jamfør TEK17 kap. 7, § 7-3. Karta gjev likevel ein god indikasjon på kvar topografien tilseier at ytterlegare undersøkingar bør gjennomførast.

I 2023 lanserte NVE nye aktsemdkart for snøskred som tek omsyn til klima og skog, og er utført på nasjonal terrengmodell med oppløysing på 10 x 10 m. Desse karta skal nyttast i staden for NVE sitt eldre aktsemdkart for snøskred og i staden for NGI sitt kombinerte aktsemdkart for snø- og steinskred.

Aktsemdkarta viser at det er eit lite S2-aktsemdområde for snøskred i sørleg del av kartlagt område om ein ikkje tek omsyn til skog. Med omsyn til skog er det ikkje S2-aktsemdområde for snøskred. S3-aktsemdområde for snøskred når inn i store delar av kartlagt område. Aktsemdområda som når inn i eller ligg tett på kartlagt område kjem utelukkande frå den austlege fjellsida. Det er elles ikkje aktsemdområde for andre skredtypar i kartlagt område. Aktsemdkart for skred er vist i Figur 18.



Figur 18: Aktsemdområde for skred i og i nærleiken til kartlagt område. Kjelde: NVE WMS.


## 2.7 Klimaanalyse

Klima og vær heng tett saman med skredfare. Temperatur og nedbør er avgjerande for stabiliteten til lausmassar, vassavrenning, flaumskredfare, steinsprangfare som følgje av frostsprenging og sjølvstøtt mengde og stabilitet på snø. Det er henta inn relevant klimadata

som er nytta til klimaanalyse. Tabell 1 og Figur 19 viser nokre av vêrstasjonane i nærleiken av kartlagt område som klimaanalysen bygger på.

Tabell 1: Vêrstasjonar nytta i klimaanalysen. Årsnormal nedbør viser til klimaperiode 1991-2020, eller gjennomsnitt av dei åra stasjonen har hatt målingar i denne klimaperioden.

| Stasjon  | Moh. | Måleperiode | Årsnormal nedbør (mm) | Maks snødjupne (cm) | Kommentar |
|----------|------|-------------|-----------------------|---------------------|-----------|
| Daviknes | 78   | 1990 - no   | 2459                  | 88                  |           |
| Ulvesund | 1    | 1939 - 1996 | 2543                  | 70                  |           |
| Refvik   | 3    | 1996 - no   | 1834                  | 82                  |           |




Figur 19: Lokalisering av nokre av målestasjonane som er nytta i klimaanalysen.


Data til klimaanalysen er henta ut frå NVE si API-løysing ([api.nve.no](https://api.nve.no)) med data frå senorge 2018-datasettet. Til å henta ut data er det nytta NVE si digitale løysing utvikla av Asplan Viak (2023). Figur 20 og Figur 21 viser relevante klimadata henta ut frå eit område øvst i påverknadsområdet.

Rimstaddalen ligg i eit fjordnært område og har eit maritimt kystklima, og klimaanalysen viser at områda rundt kartlagt område har ein gjennomsnittstemperatur over 0 °C gjennom heile året. I påverknadsområdet har gjennomsnittleg årsnedbør førre klimaperiode vore 2746 mm. Gjennomsnittleg maks snøhøgde er 61 cm, og snittet for 3-døgns nysnøtilvekst er 49 cm. 3-døgns nysnøtilvekst vert nytta som brotkanthøgde til snøskredmodellering og med eit returintervall på 5000 år svarar dette til 162 cm ved gumbel-fordeling.

Analysen viser at sterkaste vindretning hovudsakleg er frå sørvest og at nedbør hovudsakleg kjem med vind frå sørvestlege retningar. Fjellsida i påverknadsområdet som vender mot vest er vurdert å vera lite utsett for ekstra snøakkumulasjon på grunn av dominerande vindretningar, og det er difor ikkje tatt omsyn til snødrift for val av brotkant.



Figur 20: Relevant klimadata henta frå NVE API for område øvst i påverknadsområdet.



Figur 21: Frekvensfordeling av vindretning og vindstyrke og vindretning i dagar med nedbør som høvesvis regn og snø for område øvst i påverknadsområdet.

Skredfarevurderinga er utført ut i frå dagens klima og vêrtilhøve, men det er likevel viktig å ha ei forståing for at klimaet (klima er gjennomsnittsvêret over ein periode på 30 år) er i endring. Dei store forskingsinstitusjonane sine klimamodellar gjev meir og meir pålitelege prognosar om global klimautvikling i framtida, men modellane har framleis store uvisser, spesielt på regional og lokal skala. Likevel bør ein ta høgde for dei mange resultatane som peikar mot ei global oppvarming, med påfølgjande lokale klimatiske endringar. Norsk Klimaservicesenter sin rapport *Klimaprofil Sogn og Fjordane* (NKSS, 2022), viser at i dette området kan ein forventa ein vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og i førekomst, noko som vil føra til meir overvatn. Det er forventa fleire og større regnflaumar. Når det gjeld skredfaren, aukar faren for jord-, flaum- og sørpeskred på bakgrunn av større nedbørsmengder. Med varmare klima vil meir av nedbøren komma som regn, men i høgareliggande område kan ein ikkje utelukka at meir av nedbøren kan komma som snø i.

## 2.8 Historiske skredhendingar

På NVE Atlas (atlas.nve.no) finn ein oversikt over skredhendingar i Noreg som er registrert i den nasjonale skreddatabasen. Det er ingen registrerte skredhendingar i Rimstaddalen. Næraste registrerte skredhendingar er langs Nordfjordvegen ved Totland og Maurstad. Dette er hovudsakleg små utrasingar frå skjering langs veg med utløp til grøft. Det er registrert eitt lausmasseskred på Maurstad (3), utan beskriving, antatt å ha gått i samband med ein storm som herja ytre delar av Sogn og Fjordane rundt månadsskiftet oktober/november i 1977.

Det er heller ikkje funne noko skredhistorikk i tilgjengelege bygdebøker (Aaland, 1939) eller i andre nyheitskjelder. Relevante skredhendingar er lista opp i Tabell 2.



Figur 22: Registrerte skredhendingar i nasjonal skreddatabase i og i nærleiken til kartlagt område.



Tabell 2: Skildring av relevante skredhendingar i nærleiken til undersøkingsområdet. Nummereringa viser til nummer på figuren over. SHDB = Skredhendingsdatabasen.

| # | Skredtype                          | Dato       | Kjelde | Skildring og tolking  |
|---|------------------------------------|------------|--------|---|
| 1 | Steinsprang (<100 m <sup>3</sup> ) | 01.11.2024 | SHDB   | Ytre Totland: <i>Skredbeskrivelse: Stein på RV15 50-200m over veg. Blokkert veglengde: Kun i grøft. Kilde: Ikke gitt. Kompetansenivå: Helt ukjent kompetanse.</i>   |
| 2 | Steinsprang (<100 m <sup>3</sup> ) | 23.05.2022 | SHDB   | Bryggja: <i>Skredbeskrivelse: Stein på RV15 løsnet fra vegskjæring 5-20m. Anslått skredvolum på veg: &lt;1m<sup>3</sup>. Blokkert veglengde: Kun i grøft. Kilde: Ikke gitt. Kompetansenivå: Helt ukjent kompetanse.</i>   |
| 3 | Lausmasseskred, uspesifisert       | 01.11.1977 | SHDB   | Ingen skredbeskriving i SHDB.<br><br>Mogelig det har gått skred i samband med stormen i månadsskiftet oktober/november 1977, men det er ikkje nemnd noko skredhendning i den lokale avisa; <i>Fjordenes Tidende</i> . Skredet er oppgitt å ha skjedd på Allmenningen, og det kan vere dette er feilplassert og/eller feildatert, då det er registrert eit lausmasseskred ved Allmenningen 06.11.1977 som òg er nemnd i <i>Fjordenes Tidende</i> (datert 07.11.1977). Dette plasserer i så fall skredhendinga om lag 10 km vest for kartleggingsområdet. |

## 2.9 Tidlegare skredfarevurderingar

SGC kjenner ikkje til at det er utført skredfarevurdering i dette området tidlegare.

## 2.10 Eksisterande sikringstiltak

Det er utført flaumsikring langs Rimstadelva om lag 200 meter nedstrøms frå kartleggingsområdet. Dette sikringstiltaket har ingen påverknad på skredfarevurderinga.

## 2.11 Kartlegging og synfaring

Synfaring er ein viktig del av grunnlagsmaterialet for skredfarevurderinga. Før synfaringa vert relevant grunnlagsmateriale gjennomgått, og potensielle losneområde for skred identifisert. Under synfaringa vert det gjort kartlegging av skredmateriale, skredbanar, lausmassedekke med meir. Det vert gjort vurdering om dei identifiserte losneområda er reelle. For lausmasseskred vert det undersøkt om det er lausmassar i dei potensielle losneområda, eller om det er mogelegheit for at det vert tilført lausmassar til desse. For skred frå fast fjell vert losneområda undersøkt med omsyn til grad av oppsprekking, og dette i lag med eventuelle skredblokker nedanfor er med på å gjera ei vurdering av framtidig losnesannsyn. I område der delar av påverknadsområdet er utilgjengeleg til fots, eller der det er vanskeleg å få oversikt på grunn av bratte fjellsider eller skog, vert det nytta drone til fotografering. Dronefoto er nyttige til identifisering av losneområde, vurdering av oppsprekking og til kartlegging av skredspor- og avsetjingar, blant anna. I dette prosjektet er det nytta drone av typen DJI Mavic 3 Pro. Alle fotografi i rapporten er teke av SGC, dersom ikkje anna er opplyst.



### **3. Skredfareutgreiing per skredtype**

#### **3.1 Steinsprang**

##### **Er steinsprang aktuell prosess i påverknadsområdet?**

Det er små fjellskrentar som er brattare enn  $45^\circ$  i nedre del av påverknadsområdet, hovudsakleg ved langs nordsida av Storerabben. Det er observert eit avgrensa område med steinsprangmateriale nedanfor desse (Figur 12) med kort utløpslengde grunna det slake terrenget direkte nedanfor. Fjellskrentane er låge, med ei høgde på rundt 3 – 5 meter, og det er vurdert at desse ikkje kan generere steinsprang som vil nå kartlagt område. Grunna det slake terrenget høgare opp i påverknadsområdet vil ikkje steinsprang frå potensielle losneområde frå Fureholten eller Saeulemmane kunne ha utløp som når kartlagt område. Aktsemdkarta til NVE viser òg at det ikkje er utløp for steinsprang inn i kartlagt område. Det er vurdert at steinsprang ikkje er ein aktuell prosess som kan nå kartlagt område, og steinsprang er difor ikkje vidare utgreia.

#### **3.2 Steinskred**

##### **Er steinskred aktuell prosess i påverknadsområdet?**

Det er ingen losneområde som er store nok til utløysing av steinskred. Steinskred er vurdert å ikkje vere ein aktuell prosess i påverknadsområdet, og vert difor ikkje vidare utgreia.

#### **3.3 Snøskred**

##### **Er snøskred aktuell prosess i påverknadsområdet?**

Det er område som er brattare enn  $25^\circ$  i påverknadsområdet og gjennomsnittleg snødjupne førre klimaperiode er 61 cm. Snøskred kan difor vere ein aktuell prosess i påverknadsområdet.

##### **Utgreiing av losneområde og losnesannsyn**

Rimstaddalen ligg i eit fjordnært område og har eit maritimt kystklima, og klimaanalysen viser at områda rundt kartlagt område har ein gjennomsnittstemperatur over  $0^\circ\text{C}$  heile året. Klimaanalysen viser likevel at dalen og høgareliggande fjellområde har hatt relativt høg gjennomsnittleg snømengde i siste klimaperiode, samanlikna med andre kystnære område på same høgdekote. Aktsemdkarta til NVE viser at det er S3-aktsemdområde i store delar av kartlagt område. Utan omsyn til skog er det eit lite aktsemdsomsområde sør i kartleggingsområde for tryggleiksklasse S2. Med omsyn til skog er det ikkje aktsemdområde for snøskred for tryggleiksklasse S2.

Hellingskartet viser at terrenget i påverknadsområdet er kupert, og det er fleire slake og tilnærma flate parti i påverknadsområdet. Det er likevel område i øvre delar ved Fureholten og Saeulemmane med helling mellom  $28^\circ$  -  $50^\circ$  som potensielt kan akkumulere større mengder snø, og desse er vurdert som potensielle losneområde. Det er ingen registrerte snøskredhendingar i nærheita av kartleggingsområdet og det er heller ikkje observert teikn etter snøskred på tilgjengelege flyfoto. Basert på skredhistorikk, terreng og klima er losnesannsynet for snøskred vurdert som lågt, men mellom 1/100 og 1/1000 per år.

Vurderinga er gjort utan omsyn til skog og for snøskred med returintervall på 5000 år. Det er difor vurdert at alle område med helling over  $28^\circ$  er potensielle losneområde for snøskred. Med omsyn til skog er det vurdert at dei potensielle losneområda for snøskred er så redusert i





størrelse at det ikkje er losneområde for snøskred som kan nå kartleggingsområdet, noko ein òg ser i NVE sine aktsemdkart (Figur 18).

### **Utgreiing av utløp**

Det er identifisert losneområde for snøskred frå terrenget med helling mellom  $28^{\circ}$  -  $50^{\circ}$  i påverknadsområdet, og det er utført modelleringar for snøskred med eit returintervall på 5000 år. Modelleringa er utført med dynamisk modell, RAMMS (Kap. 4.1). Resultatet viser at på grunn av det kupert terrenget og ryggformene i nedre del av påverknadsområdet, så vil kartlagt område vere skjerna for svært store snøskred. Modelleringane viser utløp med låg hastigheit i sørvestleg og austleg del av kartlagt område, men desse er vurdert som konservative grunna dei grove modelleringane. Modelleringane er utført frå store losneområde med oppløysing på 5x5 meter, og sidan klimaanalysen viser ei maks snødjupne på mindre enn 2 meter er det vurdert at ruheita i terrenget vil ha større påverknad på snøskreda enn dei modellerte resultatene viser. Det er vurdert at sannsynet for at snøskred med skadepotensiale skal ha utløp inn i kartlagt område er lågare enn 1/5000 per år.

Grunna det kupert terrenget, med fleire slake og tilnærma flate parti, eignar Alfa-Beta seg dårleg for denne typen fjellsider, og det er difor ikkje nytta Alfa-Beta i vurderinga. Terrenget fører òg til at det ikkje er nokre skredbaner frå den austlege fjellsida med høge hastigheiter i direkte linje mot kartlagt område, og det er difor vurdert at det ikkje vil bli generert vesentleg skredvind mot kartlagt område.

Det er ikkje tatt omsyn til skog i val av losneområde eller i modellerte utløp, og det er vurdert at skogen ikkje har betydning for snøskredfaren i kartleggingsområdet.

### **Når snøskred inn i kartleggingsområdet?**

Sannsynet for snøskred i kartlagt område er vurdert som lågare enn 1/5000 per år.

## **3.4 Jordskred**

### **Er jordskred aktuell prosess i påverknadsområdet?**

Det er skråningar som er brattare enn  $20^{\circ}$  i påverknadsområdet. Lausmassekartet til NGU viser at det er kartlagt hovudsakleg moreneavsetjing i påverknadsområdet. Jordskred kan vere ein aktuell prosess.

### **Utgreiing av losneområde og losnesannsyn**

Aktsemdkartet for jord- og flaumskred viser at det er potensielle losneområde for jordskred i påverknadsområdet, langs dreneringsvegen som renn frå Løkedalen mellom Storerabben og Reiterabben. Det er vurdert at eventuelle lausmasseskred her vil vere grunna høgare vassføring i dreneringsvegen, og vil difor bli definert som flaumskred og utgreia i kap. 3.5. Det er ikkje aktsemdområde for jord- og flaumskred som når inn i kartlagt område.

Synfaringa (kap. 2.3) viser at det hovudsakleg er eit tynt dekke morenemateriale i store delar av påverknadsområdet. Terrenget er kupert av ryggformer og fleire slake parti, noko som avgrensar potensielle område som kan føre jordskred mot kartlagt område. Det er vurdert at grunna ryggformene i nedre del av påverknadsområdet, så er det ikkje potensielle losneområde i høgareliggende område mot Sauelemmane eller Fureholten som vil føre jordskred inn i



kartlagt område, noko som er støtta av markfuktkartet og strøymingsanalysa i kap. 2.4. Det er avgrensa skråningar i nedre del av Storerabben, rett aust for kartlagt område, med parti der hellinga er over 30°. Dette er vurdert som einaste område som potensielt kan gje jordskred/utglidningar i retning mot kartlagt område. Lausmassedekket over fjellryggen er tynt (<0,5 m) og dei potensielle losneområda er avgrensa, men ein kan ikkje utelukke utrasingar i skråninga under ei ekstremnedbørshending. Nedbørsfeltet er avgrensa til den vestlege sida av ryggforma, og det er difor vurdert at dette vil vere ei sjeldan hending. Losnesannsynet for jordskred frå nedre del av Storerabben som kan føre til skadepotensiale mot kartlagt område er difor vurdert å vere mellom 1/1000 og 1/5000 per år.

Skog og vegetasjon i påverknadsområdet vil ha ein reduserande effekt på losnesannsyn og erosjonspotensiale, då dette vil bite lausmassane, og ta opp drenering. Samtidig kan gamle tre føre til rotvelte som aukar sannsynet for utløysing av jordskred. Det er ikkje tatt omsyn til skog i vurdering av jordskredfare.

### **Utgreiing av utløp**

På grunn av det slake, kuperte terrenget og relativt tynne lausmassedekket er det vurdert at jordskred frå nedre del av Storerabben hovudsakleg vil vera utglidningar/utvaskingar som ikkje når langt. Det er utført modellering frå potensielle losneområde med RAMMS::Debrisflow med utgangspunkt i standardiserte verdiar (NVE, 2020B). Resultatet viser at jordskreda ikkje oppnår høge hastigheiter, og dermed får korte utløp. Det er utløp som så vidt når inn i austleg del av kartlagt område, men desse har hastigheiter lågare enn 2 m/s, og vil ikkje ha skadepotensiale.

### **Når jordskred inn i kartleggingsområdet?**

Sannsynet for jordskred i kartlagt område er vurdert som lågare enn 1/5000 per år.

## **3.5 Flaumskred**

### **Er flaumskred aktuell prosess i påverknadsområdet?**

Det er to dreneringsvegar i påverknadsområdet som har utløp i nærleiken av kartlagt område i nordaust og nordvest. Flaumskred kan vere ein aktuell prosess.

### **Utgreiing av losneområde og losnesannsyn**

Aktsemdkartet for jord- og flaumskred viser at det er potensielle losneområde for flaumskred i øvre delar av dreneringsvegen som drenerer ut frå Løkedalen. Kartgrunnlaget viser at store delar av Løkedalen består av eit myrområde som vil samle avrenning frå dei omliggande fjellsidene. Ekstremnedbør og høg snøsmelte kan føre til auka vassføring og erosjon langs dreneringsvegen. Grunna fleire slake parti langs dreneringsvegen kan dette potensielt føre til oppstuving som kan resultere i eit flaumskred. Det er ikkje kjend at det har gått flaumskred i området tidlegare, og det er ikkje observert spor etter flaumskredhendingar under synfaringa, på flyfoto eller i skyggerelieffkartet. Losnesannsynet for flaumskred i dreneringsvegen er difor vurdert som mellom 1/100 og 1/1000 per år.

Det er ein dreneringsveg som renn ut frå myrområdet på sørsida av Storerabben, som renn forbi sørleg del av kartlagt område. Terrenget frå dalbotnen og opp til myrområdet strekk seg om lag 80 meter over 20 høgdemeter, noko som gjev ei snitthelling under 15°. Det er vurdert at denne



skråninga er for lita til at dette vil gje flaumskred med skadepotensiale, og er difor ikkje vurdert som eit potensielt losneområde for flaumskred.

### **Utgreiing av utløp**

Det er utført modellering frå potensielle losneområde med RAMMS::Debrisflow med utgangspunkt i standardiserte verdiar (NVE, 2020B). Resultatet viser at på grunn av dei definerte rygg- og renneformene i påverknadsområdet så vil flaumskred halde seg konsentrert i dreneringsvegen eller bryte av mot nord. Flaumskreda oppnår ikkje høgt nok volum eller hastigheit til å ha vesentlege utløp ut i dalen, og det er ikkje modellerte utløp som når kartlagt område.

### **Når flaumskred inn i kartleggingsområdet?**

Det er vurdert at sannsynet for flaumskred i kartlagt område er lågare enn 1/5000 per år.

## **3.6 Sørpeskred**

### **Er sørpeskred aktuell prosess i påverknadsområdet?**

Det er ikkje observerte sørpeskredhendingar dette området tidlegare, men det er fleire slake myrområde som potensielt kan føre til oppsamling av vatn i eit snødekke. Sørpeskred kan vere ein aktuell prosess.

### **Utgreiing av losneområde og losnesannsyn**

